



Det har vore ein relativt snill vinter, men likevel har den vore hard for eit landemerke i Uskedalen - Sjøhuset mellom Neset og Flatholm. I ein av stormane gjekk det utover både bordkledning og skifertak og no må Dag Hermansen og hans hjelparar til med ny reparasjon.

Heilt eksakt kor gammalt huset er, er det nok ingen som veit. Men det er i alle fall flytta frå Ljosnes og sett opp att av Gjert Kjerland før 1900. Huset er framfor alt eit minne om notfisket.

Det har gått hardt ut over huset før, særleg ein gong på 1990-talet då det låg i 30 graders vinkel. Men det vart retta opp att og berga etter stor innsats og slik går det nok denne gongen også. Det er eit viktig kulturminne i bygda.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen